

Telemarkfestivalen

6.-9. AUGUST 2026

BØ I TELEMAR

ODD NORDSTOGA

Rosenfole 2026

MARIE TVEITEN

Jonas Alaska
m/Johanne Flottorp

Sam Amidon

AySay E-76 Reolô

«Troll på sparket»

DJ Daeva UngFOLK

Folkemusikk fordjuping

Erland Dahlen & Geir Sundstøl

Groven Myhren, Kåsa, Johansen

Bråten Berg, Solberg, Solberg, Flottorp

Alf Tveit & Håkon Høggemo

ONSTAD/WALLUMRØD + mykje meir

BILLETTAR OG MEIR INFO

Gullbring Kulturhus www.gullbring.no | Tlf 35 06 03 90 | www.telemarkfestivalen.no

FY FELA FOR EIN FESTIVAL

Billetter
www.gullbring.no
tlf 35 06 03 90
Få med deg alt?
Festivalpass: 2035,-

Velkomen til Telemarkfestivalen 2026!

Fy fela som me gleder kánn til **Telemarkfestivalen 2026!** Me gleder kánn til eit mangfaldig og godt program med mykje flott folkemusikk! Me gleder kánn til to spennande tingsverk og andre konsertar som me har laga heilt sjólv, me gleder kánn til konsertar og samvær i Bakgården, me gleder kánn til ein ráttóff fredagskveld på Kroa i Bó, me gleder kánn til yrande folkeliv på Torgfestivalen, me gleder kánn til laurdagsmoro og Vest-Telemark-fest i Sandvinparken, me gleder kánn til meistersmóte i Borgjakonserten på Evju bygdetun. Me gleder kánn rett og slett til å skipe til ein fantastisk festival med mange unike og magiske augneblinkar! Og mest av alt gleder me kánn til å sjá DEG!

Fy fela så velkomen du er!

Med beste helsing,
Kine Lundefaret, Hadle Reisæter, Anders Hefre, Torgeir Gullbekk Hansen,
Evelyn Utigard, Audun Rórmárk, Ingelin Westeren og Kristoffer Mósfield
Styret og administrasjon

Meir info

Eventuelle endringar og meir detaljert informasjon om programmet for árets festival finn du på festivalen sin nettstad www.telemarkfestivalen.no og på festivalen si Facebook-side.

Spórsml?

post@telemarkfestivalen.no
Tlf 48 20 50 66

Foto: Knut Utler



Tingsverk:

STONE STEINSTAD & FAMILIEKOMPET - «VISER FRÁ FÓR»

TORS DAG 6. AUGUST :: STORSALEN, GULLBRING :: KL 19.00 :: 365,-

Uvurderleg songskatt

Tone Steinstad er ei uvurderleg kjelde til tradisjonelle folkeviser frá Telemark, og ho har samla eit rikt repertoar gjennom eit langt liv. I 2024 albumdebuterte ho med plata «Viser frá fóR» - 89 ár gammal - og viste med det at det aldri er for seint å dele musikken som bur i ein. I 2025 inviterte Telemarkfestivalen Tone Steinstad til å framføre tre viser som ein del av programmet for Opningskonserten. Med seg på scena hadde ho dotter Gunn Steinstad, barnebarna Eivind, Sigrid og Hákon Aase og oldebarnet Gunnhild Aase - fire generasjonar på same scene! Dei róyrte publikum til tårer og fekk ståande applaus. Det var tydeleg for alle i salen at dette er ein kulturskatt av dei sjeldne - ei unik formidling av både musikk og livserfaring. Tre folkeviser er berre toppen av isfjellet med tanke på det sjólv lærte repertoaret til Tone

Steinstad. Difor er det ei stor glede for Telemarkfestivalen å kunne presentere tingsverket «Viser frá fóR» - ein fullverdig konsert med utgangspunkt i Tone sin unike songarv!

Medverkande

Tone Steinstad - vokal
Gunn Steinstad - trompet
Gunhild Aase - trompet
Sigrid Aase - vokal, bass, tuba
Hákon Aase - fele, piano
Eivind Aase - perkusjon

Me takkar!

Tingsverket er særskild stóttta av Telemark fylkeskommune og Kulturdirektoratet.



Foto: Jan Petter Ernestad

Tingingsverk:

ERLAND DAHLEN – «HORNBLEND»

TORS DAG 6. AUGUST :: KONSERTLÅVEN I NORDBØVEGEN 10 :: KL 21.00 :: 285,-

Slagkraftig tingingsverk

Perkusjon har ein lang, men ofte oversett, historie i norsk folkemusikk. Samanlikna med hardingfele og trekkspel har reine rytmeinstrument fått mindre merksemd. I andre delar av verda står perkusjon langt meir sentralt i folkemusikken, der perkusjon og rytme er sjølve grunnmuren musikken. Rytmen spelar ei heilt avgjerande rolle i hardingfelespelet og er noko av det som gir slåttane liv og karakter. Hardingfela er tett knytt til folkedansen, og det krevst ein drivande og presis rytme for at dansarane skal kunne følgje musikken. Mange av slåttane har særigne rytmiske preg, ofte med ujamne taktartar eller synkoper. Rytmen er tett samanvoven med ornamentering, bogeføring og dynamikk, og det er i samspelet mellom desse elementa at uttrykket kjem til sin rett. I dette tingingsverket ønskjer Erlend Dahlen å undersøke i kva grad ein kan overføre ornamentikken, og dynamikken frå det melodiske og klangrike slåttetspelet til eit reint perkusjon-orientert uttrykk.

Erlend Dahlen frå Helgen i Nome kommune er ein norsk trommeslagar og perkusjonist kjend for sitt særprega og utforskande lyd-bilete. Han kombinerer tradisjonelle trommer med eit breitt spekter av utradisjonelle lyd-kjelder. Dahlen er oppteken av klang og rom, og brukar ofte perkusjon til å skape stemningar heller enn berre rytmar. Dahlen har gjeve ut fem kritikarrose studioalbum med dette som tilnærming. No er han klar med tingingsverket «Hornblend».

Tingingsverket vil gå saumlaust over i konsert med Erlend Dahlen og gitarist Geir Sundstøl, der trommekunst og strengemagi vil gå saman i ein høgare einskap!

Medverkande

Erlend Dahlen - trommer, perkusjon
Geir Sundstøl - gitarar

Me takkar!

Tingingsverket er særskild støtta av Telemark fylkeskommune og Kulturdirektoratet.



Velkomen til festivalen sitt hjarte – Bakgården!

I mars 2026 flytta Telemarkfestivalen inn i nye trivelege lokalar i Bakgården. Under festivalen vil Bakgården vere både festivalkontor, konsertarena og ikkje minst – møteplass! Her kan både frivillige, artistar og heilt vanlege publikummarar stikke innom, setje seg ned og kose seg inne og ute. Torsdag 6. august vert det festivalkviss og jam utover kvelden, fredag 7. august vert det ein nydeleg konsert med Sam Amidon etterfølgd av førespel til konsertkvelden på Kroa i Bø, laurdag 8. august kan ein slappe i Bakgården mellom det

innhaldsrike laurdagsprogrammet, og søndag 9. vert Telemarkfestivalen 2026 avslutta med det som garantert vert ein fantastisk konsert med Jonas Alaska og Johanne Flottorp.

Bakgården vil vere open

| | |
|-------------------|-------------------|
| Torsdag 6. august | Kl. 15.00 – 00.00 |
| Fredag 7. august | Kl. 15.00 – 21.00 |
| Laurdag 8. august | Kl. 15.00 – 19.00 |
| Sundag 9. august | Kl. 17.00 – 20.00 |

KVISS OG JAM

TORS DAG 6. AUGUST :: BAKGÅRDEN :: KL 20.00-00.00 :: GRATIS!



Me inviterer til ein akkurat passe vanskeleg festivalkviss. Kvissmeister vil vere Torgeir Gullbekk Hansen, og spørsmåla vil som vanleg vere ei fin blanding av musikkrelaterte spørsmål - og heilt andre tema! Det blir ein fin premie til vinnarlaget!

Kvissen startar kl. 20:00 og vil vare i om lag to timar. Etter kvissen ønskjer me velkomen til festivaljam, spel og dans vidare utover kvelden.



SAM AMIDON

FREDAG 7. AUGUST :: BAKGÅRDEN :: KL 17.00 :: 285,-

Kritikarrost amerikanar med sjeldan konsert i Noreg!

Sam Amidon kjem endeleg til Telemarkfestivalen! Den amerikanske songaren, låtskrivaren og multi-instrumentalisten er kjend for å fornye den amerikanske folkemusikktradisjonen på sitt heilt eige vis. Med røter i gamle balladar, salmar og tradisjonelle songar skaper han musikk som er både djupt personleg og dristig utforskande. Amidon nyttar seg av fele, gitar og banjo med frie arrangement, uventa harmoniske grep og ei særeigen, uttrykksfull stemme.

Med seg har han Chris Vatalaro på perkusjon og elektronikk, noko som tilfører eit ekstra lag av rytme, klang og stemning. Samspelet opnar for både stillferdige augeblikk og meir intense, pulserande parti. I ein konsert med Sam Amidon glir tradisjon og samtids-

musikk saumlaust i kvarandre, og publikum blir invitert inn i eit lydlandskap fullt av nærleik, nysgjerrigheit og musikalitet.

Medverkande

Sam Amidon - vokal, fele, banjo, gitar
Chris Vatalaro - perkusjon, elektronikk



OPNINGSKONSERTEN

FREDAG 7. AUGUST :: STORSALEN, GULLBRING :: KL 19.00 :: 365,-

Konfekteska med dei mange gode bitane

I årets opningskonsert vil me møte dei meritterte folkemusikarane **Kirsten Bråten Berg**, **Leiv Solberg**, **Åsmund Solberg** og **Johanne Flottorp**, der sist nemnde òg vil framføre Haugerud-slåttar for fleire stemmer i lag med **Sunniva Langås-Røiland**. Me vil møte visesongar **Marie Tveiten** frå Seljord og **Sam Amidon** med særeigen blågras frå Vermont i USA. Me vil møte **Magnhild Garnås Haugen** og **Audun Rørmork** med band som vil presentere deira tolkingar av nokre låtar frå den legendariske plata «**Rosensfole**» frå 1989. Me vil møte gjengen i **Folkemusikk fordjuping** som viser seg fram med song, dans og spel - og sist men absolutt ikkje minst: me vil møte **Spelemannslaget Bøheringen**, og dansarar frå **Bø dansarring** og **Nes nasjonale dansarring** som avsluttar kalaset.

Statssekretær i Kulturdepartementet, **Trude Storheim**, vil formelt opne årets festival, medan skodespelar **Ida Ursin-Holm** vil leie oss gjennom konserten med stødig hand!

Velkomen til ei nydeleg konfekteske av ein konsert!





Telefrukt

Stolt sponsor av Telemarkfestivalen

**VI ER STOLT SPONSOR AV
TELEMARKFESTIVALEN**

**SPIS MIDDAG FØR KONSERT
I VÅR RESTAURANT**



BØ HOTELL

Restaurant - Selskap - Overnatting



ROSENSFOLE 2026

FREDAG 7. AUGUST :: KROA I BØ :: KL 21.00 :: 435,- (Ein billett for heile kvelden på Kroa i Bø)

Legendarisk plate i ny tapping

I november 2025 presenterte Riksscenen i Oslo konserten «Arven etter Agnes». Som ein del av denne konserten framførte barnebarnet Magnhild Garnås Haugen og eit flott band leia av bøhering Audun Rørmark eit knippe låtar frå den legendariske plata, «Rosensfole», som Agnes Buen Garnås og Jan Garbarek gav ut i 1989. Dette gav meirsmak og bandet har halde fram med å vidareutvikle repertoaret, så vel som å skape ny musikk i lag. I denne konserten vil ein av landets mest framstormande, unge kvedarar og eit stjernelag av unge jazz- og folkemusikarar blåse nytt liv i den velkjende og folkekjære plata med eigne talkingar. Dei vil òg presentere heilt ny musikk, skriven av Magnhild Garnås Haugen, for aller første gang. Det er mykje snakk om folkemusikkbølga som herjar for tida, og me er ganske sikre på at denne konserten vil syte for at denne bølga tek til i styrke!

Medverkande

Magnhild Garnås Haugen - vokal
Audun Rørmark - feler
Jon Espelid - trommer
Gard Kronborg - bass
Benjamin Gisli - tangentar
Ola Erlien - gitar

DJ Daeva snurrar plater i Intimen gjennom kvelden!

DJ Daeva kjem attende til Telemarkfestivalen 2026. Ho er ein anerkjend DJ, kunstnar og aktivist fødd og oppvaksen i Teheran. Med ein lidenskap for musikk og djup forståing for korleis musikken samlar menneske, inviterer ho til eit danse-eventyr på tvers av alle sju kontinent. Ho har vore DJ i 20 år og har spelt på Cosmopolite, Blå, Nasjonalmuseet, Riksscenen, Munchmuseet, Oslo Pride og mange fleire. Både i 2024 og 2025 fekk ho dansegolvet på Kroa i Bø til å koke!





Foto: Michael Oudhof / popmund

AYSAY

FREDAG 7. AUGUST :: KROA I BØ :: ca KL 22.30 :: 435,- (Ein billett for heile kvelden på Kroa i Bø)

Dansbare danskar

AySay er eit band som foreinar anatolske folke-tradisjonar og nordisk elektronika gjennom røtene til vokalist Luna Ersahin. På tyrkisk, kurdisk og dansk skaper dei eit psykedelisk rom der grensene blir viska ut, og berre den rå, menneskelege opplevinga står att - ein stad mellom håp og håpløyse. Musikken til AySay hyllar mangfaldet og byggjer bru mellom kulturar, noko som gjer dei til ei markant røyst på den globale musikkscena.

Med Luna Ersahin sin dragande og kraftfulle vokal i front skaper AySay eit musikalsk univers som tek lyttaren frå nordiske landskap til hjartet av Anatolia. Ved å kombinere tradisjonelle instrument som saz med moderne pop og elektroniske element, formar

AySay eit nyskapande lydabilete som bryt med sjangrar og samlar verder.

Me har prøvd i fleire år, og no klaffa det endeleg med å få fantastiske AySay til Telemarkfestivalen!

Medverkande

Luna Ersahin - vokal, saz, synth
Aske Døssing Bendixen - trommer, perkusjon
Carl West Hosbond - gitar
Albin Andersson - bass



REOLO

FREDAG 7. AUGUST :: KROA I BØ :: ca KL 00.00 :: 435,- (Ein billett for heile kvelden på Kroa i Bø)

Dystopi har aldri vore tøffare

Reolô er ein kvartett beståande av sprekske multi-instrumentalistar med utgangspunkt i norsk folkemusikk og den noko vage nemninga «open klasse». I mars 2025 sleppte dei plata «Dystopi Delete» til storslåtte meldingar.

Musikalsk rører bandet seg frå norsk slåttemusikk, via rocka groove med inspirasjon frå både Vest-Afrika og Amerika, til reine energiutblåsingar. Eller som Arvid Skancke-Knutsen skreiv i Klassekampen: «som om Velvet Underground i all hemmelegheit hadde øvd i åreveis i eit stabbur». Reolô viser ein musikalsk heilskap i all sin variasjon, sitt alvor og si leikenheit.

Med tekstar om prepping, saueflokken i full fart mot stupet og ein hard vår prøver bandet å treffe samtida presist, medan fokuset på groove, tett samspel og gammaldags tonalitet gjev musikken eit smått tidlaust preg. Reolô har vorte eit slags «superband» - både innan norsk folkemusikk og rock.

Medverkande

Anders Rjøine - vokal, gitar, langeleik, munnharpe
Hans Kjørstad - vokal, fele, synth
Rasmus Kjørstad - fele, oktavfele
Hans Hulbækmo - trommer, perkusjon, munnharpe, vokal
Magnus Skavhaug Nergaard - bass

SENTRUMSRINGEN

Handelsstanden i Bø



& LOKALMEGLEREN
PARTNERS



Brukås Sport

Bø Auto AS



Tusen
takk

til nærings-
livet i Bø
for støtta
til festivalen!

KIWI mini
pris

Blomster
STEMNING

Stebi
HAIR & BEAUTY



Kreative telemarkinger
superlativ
superlativ.no

REMA 1000
BØ

Bø bok
og papir
BYGDAS LITTERATURHUS



FARGERIKE
Bø Maling as

Sentrum Vaskeri
og Renhold AS



TORGFESTIVALEN - EIN FESTIVAL I FESTIVALEN

LAURDAG 8. AUGUST :: BØ TORG :: KL 11.00-16.30 :: GRATIS!

Musikk, marknad og leik på torget!

Velkomen til Torgfestivalen - ein festival i festivalen! Me gleder kånn til grande folkeliv på torget med flotte gratiskonsertar, dans, Roheim-parade, spennande marknad og artige aktivitetar for store og små!

I år vil me presentere den heilt nye familiefram-
syinga «Troll på sparket». Her vil musikarane Audun
Rørmark og Anders Hefre og skodespelarane Hadle
Reisæter, Ida Ursin-Holm og Lars August Jørgensen
ta med seg små og store publikummarar på eit
spennande eventyr. Framsyinga vil i stor grad vere
prega av improvisasjon der ramma for historia vert
presentert av utøvarane, men publikum vil vere med
og styre innhald og retning. Me har stor tru på ei
svært fornøyeleg framsyning for store og små!

Program for Torgfestivalen (endringar kan kome):

- Kl. 11:00 - Torgfestivalen opnar
- Kl. 12:00 - Konsert med UngFolk
- Kl. 13:00 - Familieframsyning: «Troll på sparket»
- Kl. 13:45 - Bø Sang Ensemble
- Kl. 14:00 - Roheim-paraden kóyrer i Bøgata
- Kl. 14:30 - Dans og spel på torget
- Kl. 15:30 - Konsert med Onstad/Wallumrød
- Kl. 16:30 - Torgfestivalen stengjer

Ønskjer du å ha stand på torget denne dagen?
Send e-post til:
telemarkfestivalen.marked@gmail.com

Arrangementet er støtta av Sparebankstiftinga Bø,
Skuestiftelsen og Sparebankstiftelsen Telemark.
Me takkar!





Foto: Smeistrud

EILEV GROVEN MYHREN i samtale med Anne Svånaug Blengsdalen

LAURDAG 8. AUGUST :: BØ BOK OG PAPIR :: KL 13.00-14.00 :: 235,-

Jakta på den forbodne tonen

Musikkvitar og folklorist Eilev Groven Myhren kjem til Bø bok og papir for å presentere doktorgradsarbeidet sitt – eit prosjekt som dreg liner frå norsk folkemusikk til dei djupaste strukturane i tonen sjølv. Han er barnebarn av Eivind Groven som er ein sentral inspirasjon for forskinga hans. I doktorgradsarbeidet undersøker Myhren det han sjølv omtalar som eit mogleg «musikalsk urspråk»: overtoneskalaen. Denne skalaen byggjer på naturgjevne intervall som oppstår spontant

i lyd, og kan gi nye perspektiv på både folkemusikk og vestleg musikktradisjon. Gjennom arbeidet sitt viser han korleis slike naturtonar har levd vidare i norsk folkemusikk, til dømes i instrument som langeleik, og korleis desse tonane utfordrar det etablerte tonesystemet. Me vil møte **Eilev Groven Myhren** i samtale med professor ved Universitetet i Sørøst-Norge, **Anne Svånaug Blengsdalen**.

BRÅTEN BERG, SOLBERG, SOLBERG, FLOTTORP

LAURDAG 8. AUGUST :: KONSERTLÅVEN I NORDBØVEGEN 10 :: KL 15.00-16.30 :: 335,-



Meritterte folkemusikarar frå Agder

Det vert fleire generasjonar med lang fartstid i norsk folkemusikk samla på scena når Kirsten Bråten Berg, Leiv Solberg, Johanne Flottorp og Åsmund Solberg kjem til Konsertlåven. Her blir det tett mellom tidlause folkemusikkslagarar, ordspel, slåttspel og høg allsong-faktor! Utmerkingane til desse utmerka folkemusikarane, kvar for seg og samla, er både mange og imponerende. Spellemann-prisar, Folkelarm-prisar, Kongens Fortenestemedalje og St. Olavs Orden, for å nemne noko. Under konserten vil publikum få høyre både det kjende og kjære, men òg heilt nye tolkingar av slåttar og stev.

Medverkande

Kirsten Bråten Berg - vokal **Åsmund Solberg** - gitar, pedal steel gitar
Leiv Solberg - gitar, mandola **Johanne Flottorp** - hardingfele



SONGLINER: Ingvill Marit Buen Garnås, Øyonn Groven Myhren, Aasmund og Odd Nordstoga

LAURAG 8. AUGUST :: STORSALEN, GULLBRING :: KL 17.00-18.30 :: 365,-

Med songen i gåve

Programposten Songliner er ny av året, og er mynta på møte mellom folkesongarar. I år kan me by på eit møte mellom Øyonn Groven Myhren, Aasmund Nordstoga, Odd Nordstoga og Ingvill Buen Garnås. Dette blir òg eit felles minneprogram for mødrene deira, som alle gjekk bort i 2024. Dagne Groven Myhren i april, Ellen Bojer Nordstoga i august og Agnes Buen Garnås i november. Alle hadde dei eit brennande engasjement for å halde kvedartradisjonen i Telemark levande og syte for vidareføring, noko dei løyste på både ulike og liknande vis. Det å ha tradisjonen og påskuvet heimanfrå vil nok òg bli eit naturleg emne for møtet mellom nett desse fire. Øyonn, Aasmund, Odd og Ingvill er alle A-klassingar i vokal folkemusikk. Øyonn og Odd lever fullt og heilt

av musikken, Aasmund og Ingvill delvis. I denne konserten er det tradisjonell solo kveding som står på programmet. Songliner vil seinare òg kunne romme møte mellom folkesongarar på tvers av tradisjonar og land.

Medverkande

Ingvill Marit Buen Garnås - vokal
Øyonn Groven Myhren - vokal
Aasmund Nordstoga - vokal
Odd Nordstoga - vokal



Foto: Agnete Brun

ODD NORDSTOGA

LAURDAG 8. AUGUST :: SANDVINPARKEN :: KL 19.30 :: 655,- (Gjeld for heile kvelden på Sandvin)

Sjaven sjølv

Få maktar å skildre poesien i kvardagen slik Odd Nordstoga gjer, utan at det nokon gong blir klisjéfyllt eller svalt. Han syng om skogen, om hausten, om å lengte tilbake til sommaren – og om dagane som kom og gjekk. Han får oss til å danse sjølv om vi ikkje kan, og til å ville syngje med av full hals om denne grisen som står og hylar. Det er aldri tvil om at denne mannen lever for å spele for publikum, og det er ikkje rart at folk over heile landet har trykt han til sitt bryst, både i høgtid og på fest. Ein konsert med Odd Nordstoga kjennest rett og slett som ei vitamininnsprøyting, anten han står aleine, med fullt band, med andre musikalske gjestar eller med strykeorkester.

Odd er ein slags nasjonalleverandør av kvalitetsmusikk, og når han legg ut på turné, er det med både gamle og nye hits i skreppa, og Telemarkfestivalen er sjølv sagt ein av stoppestadene.

Medverkande

Odd Nordstoga - vokal

Håkon Aase - fele

Tor Egil Kreken - bass

Bjørn Sæther - trommer

Torjus Vierli - tangentar

Øyvind Blomstrøm - gitar

Duoen Onstad/Wallumrød varmar opp!

Ingeborg Onstad syng og spelar langeleik og Elias Wallumrød syng og spelar gitar. Dei møttest på Norges Musikkhøgskole og har spelt saman i eitt års tid. Musikken er nær og attkjenneleg. Dei blander egne tekstar med eldre tekstar og nye tonar med gamle tonar.

Konserten er særskild støtta av Telemark Energi og Kraftriket! Me takkar!

Obs! Konsertane i Sandvinparken er UTANDØRS, men det vil vere stort publikumstelt på området. Viss det kjem heilt grueleg mykje regn vil konsertane bli flytta inn i salen på Sandvin.



Foto: Alexander Hammer



Foto: Jonathan Waas Kise

MARIE TVEITEN

LAURDAG 8. AUGUST :: SANDVINPARKEN :: ca KL 22.00 :: 655,-/435,-* (*Berre Marie Tveiten og E-76)

Telemark si neste stjerne?

Marie Tveiten frå Seljord er Telemark si nye pop-stemme. Ho skriv låtar på Vest-Telemark-dialekt, med utgangspunkt i kvardagslege situasjonar og kjensler – som å vente på nokon som ikkje bestemmer seg, eller å lære seg å lese kjærleik i handlingar heller enn i ord.

Songane hennar er melodiske og direkte, med tydelege bilete og refreng som set seg raskt. Mange har kanskje allereie høyrte henne på radio med låta «Heilt tilfeldig», som markerte starten på hennar soloprojekt. Debutalbumet er venta å kome i løpet av året.

Musikken gir både energi og rom for ettertanke, og vil gli naturleg inn i seinsommarkvelden. Og kven veit: kanskje tek ho med seg hardingfela òg?

Medverkande

Marie Tveiten - vokal

Karoline Dahl Gullberg - kor

Sjur Husom Vonen - gitar

Olav Tronsmoen - tangentar

Lars Haug Nilsen - trommer



Foto: Synne Taugbøl/Bang/MB

E-76

LAURDAG 8. AUGUST :: SANDVINPARKEN :: ca KL 23.15 :: 655,-/435,-* (*Berre Marie Tveiten og E-76)

Festgaranti frå Vest-Telemark

E-76 er eit smått legendarisk band frå Vinje og Midt-Telemark, stifta i 1991, og var eit av dei fyrste banda som laga fengande k ntrirock p  dialekt. Sidan den gong har dei halde fast ved sjangeren, og musikken deira n r stadig ut til nye generasjonar som elsker det herlege samspelet mellom tekst, melodi og energi.

Det viktigaste for E-76 har alltid vore   levere fest-musikk som f r folk i godt hum r. Repertoaret deira vrimlar av allsong-favorittar som «D n Johan», «Asfaltcowboy», «Ingen som kjem til meg i kveld» og ikkje minst «B gata by night», songar som har festa seg i folk sine minne og som har ljoma ut av h g-talarane i mange festlege lag. Ein konsert med dei er kort og godt ein garanti for god musikk, allsong

og ekte feststemning.

Dei har laga herleg kaos og p skefest p  The Bull inn i mange  r. Laurdag 8. august parkerer dei kanskje landets kulaste og gulaste bandbil utanfor Sandvin, og vil levere ei perfekt avslutning for det som garantert blir ein festkveld av rang i Sandvinparken.

Medverkande

Nils Ole Lien - vokal, gitar, mandolin
Edvin Loftsgarden - vokal, gitar
Oddbj rn Aase - keyboard, trekkspel
Kristian Sundsvaen - gitarar
Bj rn Edmund Fosstveit - bass
Oddmund V gslid - trommer

SUNDAGSKURS P  EVJU BYGDETUN

P MELDING TIL KURS: POST@TELEMARKFESTIVALEN.NO

Sundag 9. august kan du bli med p  mange spennande kurs p  Evju bygdetun. Alle kursa finn stad mellom kl 11:00 og kl 14:30. Ein nydeleg lunsj med ureist mat fr  Evju bygdetun er inkludert i kursavgifta.

Kvedarkurs med Anne Gravir Klykken

335,- :: 10 plassar

Velkomen til kurs i folkesong fr  Telemark! Kurset blir ei u tg tdeleg samling der deltakarane syng seg gjennom stubbar, viser, sl ttestev og b nsullar fr  Telemark med Anne Gravir Klykken som kursleiar. Kurset vil sveipe innom stiltrekk og historie knytt til songforma. Kurset kan passe b de for deg som er nybyrjar, og for deg som er meir trenad!

Kurs i bl gras-gitar med Jon Solberg

335,- :: 10 plassar

Jon Solberg er gitarist, l tskrivar og songar med minst ein fot planta i bluegrass- og country-verda. Kurset er for deg som har lyst til   l re meir om denne drivande, rytmiske musikken. Jon l rer deg det han har tatt med seg p  bl gras-vegen gjennom   lytte til gitaristar som Doc Watson, Tony Rice, Maybelle Carter, Bryan Sutton, Molly Tuttle, Billy Strings og mange fleire. Du treng ein kassegitar, eit plekter og lyst til   spele god musikk.

Obs! Deltakarane m  ha med eigen gitar!

Kurs i hardingfele med H kon H gemo

335,- :: 8 plassar

H kon H gemo er ein av landets fremste spelemenn.

Dette kurset er retta mot deg som har spelt ei stund, og som  nskjer   fordjupe deg i hardingfele-tradisjonane fr  Hardanger og Indre Sogn. Her f r du l re stil, teknikk og uttrykk gjennom tett oppf lging fr  ein sann meister i faget.

Obs! Deltakarane m  ha med eigen hardingfele!

Kortkurs i plantefarging av garn

med Ingvild Flottorp

435,- :: 8 plassar

F  ein kort og spennande introduksjon til plante-farging under Telemarksfestivalen. Planterikdomen i Evju sitt n romr de er base for farging av ullgarn.

Kanskje du f r lyst til   pr ve meir etter denne dagen? Materialkostnader er inkludert i prisen.

Kortkurs i rosem ling med Bj rg Oseid Kleivi

435,- :: 10 plassar

Det er lange og stolte tradisjonar for rosem ling i Telemark, og no f r du h ve til   l re fr  ein av dei fremste i faget. Bj rg Oseid Kleivi held kurs der deltakarane f r ei grundig innf ring i grunnleggjande rosing. Gjennom kurset f r du bli kjend med dei klassiske formene, fargane og teknikkane som har prega Telemarks-tradisjonen i generasjonar.

Materialkostnader er inkludert i prisen.

Me takkar!

Kursverksemda er st tta av Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Norsk Musikkraad (KOMP).



Foto: Knut Utler

KULTURTUR TIL SLETTEBERGJA med Folkemusikk fordjuping

SUNDAG 9. AUGUST :: FELLES AVGANG FRÅ PARKERINGA I LIHEIA :: KL 11.00 :: GRATIS!

Natur og kultur i skjønn foreining!

I eit hyggeleg samarbeid med Bø turlag inviterer me til ein flott tur til Slettebergja med tonefølgje. Dette er ein lettgått tur på om lag 500 m kvar veg som passar for alle. På Slettebergja vert det oppvising med song, spel og dans frå unge folkemusikk-utøvarar frå talentkurset Folkemusikk fordjuping.

Dei som vil kan gå vidare frå Slettebergja til Bryggfjell. Det er ein relativt krevjande tur med 430 høgdemeter. Vel framme på toppen kan du nyte ein formidabel utsjånad mot Bø og Norsjø.

Det vert felles oppmøte og avreise frå parkeringsplassen øvst i Liheia kl 11:00.

EIVIND GROVEN – 125 ÅR: Øyonn Groven Myhren, Ottar Kåsa og Lars Henrik Johansen

SUNDAG 9. AUGUST :: BØ GAMLE KYRKJE :: KL 13.00-14.00 :: 285,-



Foto: Hugo Wickmann

I denne konserten tek Øyonn Groven Myhren – Groven sitt eige barnebarn – med seg arven vidare. Saman med Ottar Kåsa og Lars Henrik Johansen presenterer ho eit nytt konsertprogram med utgangspunkt i bestefaren sine komposisjonar. Her får publikum høyre både kjende og mindre kjende verk, og ikkje minst fleire som aldri før har vore framførte. Møtet mellom kveding, hardingfele og harpsikord vil skape eit klangleg landskap som løftar fram nye sider ved Groven sin musikk.

Medverkande

Øyonn Groven Myhren – vokal, kraviklyre
Ottar Kåsa – hardingfele
Lars Henrik Johansen – harpsikord

I høve 125-årsjubileet for Eivind Groven vert det invitert til konsert i Bø gamle kyrkje tileigna Groven si rike musikalske arv. Eivind Groven er kjend for sine særegne komposisjonar og sitt banebrytande arbeid med reinstemming, mellom anna gjennom utviklinga av det reinstemde orgelet. Musikken hans opnar for klangar og uttrykk som skil seg ut, med ei djup forankring i folkemusikken og eit sterkt personleg tonespråk.



Foto: Knut Utler



Foto: Knut Utler

Borgjakonserten: ALF TVEIT & HÅKON HØGEMO

SUNDAG 9. AUGUST :: NYE SJODAR – EVJU BYGDETUN :: KL 15.00 :: 285,-

Meistermøte

Den tradisjonsrike Borgjakonserten under Telemarkfestivalen samlar i år to av landets fremste spelmenn: Alf Tveit frå Telemark og Håkon Høgemo frå Indre Sogn. Borgjakonserten er ei høgtidsstund der dei fremste hardingfeleutøvarane står i sentrum, og årets konsert lovar eit sjeldan sterkt møte mellom to eminente spelmenn og to levande feletradisjonar.

Saman vil dei by på eit rikt og variert program med slåttspel frå fire tradisjonsskaparar som alle har jubileum i 2026: Ola Håstabø (1826 – 1899) frå Hardanger, Torgeir Augundsson (1801 – 1872) frå Sauherad, Torkjell Haugerud (1876 – 1954) frå Bø og Seljord og Eivind Groven (1901 – 1977) frå Lårdal.

Medverkande

Alf Tveit – hardingfele
Håkon Høgemo – hardingfele

Alf Tveit er ein sentral tradisjonsberar frå Telemark, kjend for si djupe forankring i det lokale slåttmaterialet og eit uttrykk som ber preg av både kraft og inderlegdom. Håkon Høgemo har på si side markert seg som ein meisterleg formidlar av Sogn-tradisjonen, med eit spel som er både nyansert, virtuost og fullt av musikalsk overskot.



Foto: Trade Fjernstud

JONAS ALASKA MED JOHANNE FLOTTORP

SUNDAG 9. AUGUST :: BAKGÅRDEN :: KL 18.00 :: 335,-

Nydelege og nære viser frå indre Agder

I mars sleppte Jonas Alaska si første plate med norske tekstar, til strålende mottaking frå både meldarar og publikum. Jonas Alaska er ein av sin generasjons sterkaste låtskrivarar her til lands, og står bak kjende låtar som «October», «If Only as a Ghost», «In The Backseat» og «Morning Light». Han var trippel Spellemann-nominert for sitt debutalbum, og har sidan den gong sleppt fem album som alle har fått strålende mottaking, både i Noreg og utanfor landegrensene.

Alaska har ein særeigen evne til å setje ord på det nære og gjenkjennelege, og kombinert med ein meloditeft utanom det vanlege leverer han låtar av høg kvalitet. Ein konsert med Jonas Alaska er

også alltid krydra med humoristisk historieforteljing, og er noko alle burde unne seg.

For konserten under Telemarkfestivalen har Jonas Alaska invitert med seg barndomsvenninne og hardingfelespelar Johanne Flottorp. I lag vil dei framføre nokre utvalde låtar i lag. Alt ligg med andre ord til rette for ei nydeleg avslutning på Telemarkfestivalen 2026!

Medverkande

Jonas Alaska - vokal, gitar, piano

Johanne Flottorp - hardingfele

OVERNATTING



BØ HOTELL

BØ HOTELL MIDT I BØ SENTRUM

Gullbringvegen 32 / 35 06 08 00
post@bohotell.no
bohotell.no



FIRST CAMP BØ

Lifjellvegen 51 / 35 95 20 12
bo@firstcamp.no
firstcamp.no



BEVERØYA HYTTEUTLEIE OG CAMPING

Gvarvvegen 80 / 35 06 18 81
post@beveroya.no
beveroya.no

RESTAURANTER OG KAFÉAR



BØ HOTELL

RESTAURANT HAGESTUA, BØ HOTELL

Gullbringvegen 32 / 35 06 08 00

Ope 13.00-21.00, mon-sun under festivalen!
Lunsj- og middagsrestaurant
med stor uteservering.



PIZZAFJOSSET

Bøgata 11 / 35 95 00 12

Ope mån-fre 15.00-22.00, laur-sun 13.00-22.00.
Familievenlig restaurant, fersk pizza hver dag.
A la carte og stor uteservering.



DATTEBAYO

Folkestadvegen 1 / 35 95 20 00

Ope mån-tors 12.00-21.00, fre-laur
12.00-22.00 og søndag 14.00-21.00.
Sushi og wok.

HUSLY
KAFÉ & CATERING

HUSLY

Bøgata 61 / 47 51 35 75

Ope 10.00-16.00 kvar dag [stengt søndag].
Varme og kalde lunsjrettar,
kaker og anna bakst!



SUM YEE CHINESE RESTAURANT OG BAR

Stasjonsvegen 28 (Bø senteret)
35 95 00 01

Ope mon-laur 12.00-21.00, sun 14.00-21.00.
Kinesisk kvalitetsmat!



PROVENCE RESTAURANT

Bøgata 70 / 35 95 35 96

Ope mon-fre 15.00-22.00, laur 13.00-23.00,
sun 14.00-21.30.
Fransk mat i Midt-Telemark!

Visit Bø har meir informasjon om tilbud
og aktivitetar i Midt-Telemark: visitbo.no



**Takk til alle frivillige som
rekker opp hånda
for lokalmiljøet.**

Se hvordan vi deler av overskuddet vårt.
Der du føler deg hjemme.



Les mer om hvordan vi
deler av overskuddet vårt.

SpareBank 1
SØR-NORGE

REMA 1000
Skogen

**STOLT SPONSOR OG LEVERANDØR
TIL TELEMARKEFESTIVALEN**



**VELKOMMEN INNOM FOR EN
HYGGELIG HANDEL!**



ÅPENT 07-23
MANDAG-LØRDAG

Mvh Birte

REMA 1000

**VÅR KRAFT
- DIN ENERGI**

TELEMARKE
energi



Kraftriket
Telemark

tenergi.no

kraftriket.no

SYSTEMBLOKK

HVEM ER VI?

Hos Systemblokk spesialiserer vi oss på
prefabrikkerte betongløsninger av høy
kvalitet, og leverer innovative og bærekraftige
prosjekter over hele Norge.

Med flere tiårs erfaring er vi en pålitelig samarbeidspartner
i byggebransjen, kjent for vår ekspertise på plattendecker,
betongvegger, balkonger, trapper, søyler og mer.

**FREMTIDENS BYGG
STARTER MED SYSTEMBLOKK**



Vil du vite mer om oss? Besøk oss på:
WWW.SYSTEMBLOKK.NO

Sønstebø Tunet

WWW.SØNSTEBØTUNET.NO
3800 BØ



TELEFON: 35 06 10 90

| | | | |
|-----------------|-------------|-------------------|-------------|
| • 1928 SØNSTEBØ | 35 06 10 94 | • SPILLEREN SPORT | 91 70 73 34 |
| • CUBUS | 22 31 84 29 | • STRIKKEVERDEN | 94 00 58 37 |
| • EUROSKO | 35 06 10 92 | • PRINCESS | 48 18 95 06 |
| • JYSK BØ | 21 49 36 00 | • RÅ FRISØR | 41 20 68 11 |
| • O' LEARYS BØ | 35 95 01 75 | | |

MANDAG-FREDAG 10:00-18:00
LØRDAG 10:00-16:00

Velkommen til Tunett!

O'Learys
SPORTS BAR & RESTAURANT • BOWLING & GAMES

Scan QR-koden for åpningstider og meny

GRATIS parkering og parkeringshus!
Sønstebøtunet har også 6 hurtigludere.

Ta vare på lokalbutikkene - velkommen til en trivelig handel hos oss!

Vi heier på gode opplevelser i Bø!

Stolt sponsor av Telemarkfestivalen



BØ INSTALLASJON LETT VALG

Din elektriker i Telemark | Tlf. 35 06 03 50 | www.installasjon.as

Foto: Knut Utler

Takk til sponsorar,
samarbeidspartnarar
og frivillige!



Våre støttespelarar:



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



Telemark
FYLKESKOMMUNE



Midt-Telemark
kommune



Telemarkfestivalen

PROGRAM 6.-9. AUGUST 2026

TORS DAG 6. AUGUST

| Arrangement | Kl | Pris* | Stad |
|--|-------|---------|------------------------------|
| Tingingsverk: Tone Steinstad & familiekompet - «Viser frå før» | 19.00 | 365,- | Gullbring, Storsalen |
| Festivalskviss og jam | 20.00 | Gratis! | Bakgården |
| Tingingsverk: Erland Dahlen - «Hornblend» | 21.00 | 285,- | Konsertlåven, Nordbøvegen 10 |

FREDAG 7. AUGUST

| Arrangement | Kl | Pris* | Stad |
|--|--------------------|--------------|----------------------|
| Sam Amidon | 17.00 | 285,- | Bakgården |
| Opningskonserten | 19.00 | 365,- | Gullbring, Storsalen |
| FredagsFOLK på Kroa i Bø - Dørene opnar kl 20:00! | 20.00-01.30 | 435,- | Kroa i Bø |
| Rosensfole 2026 | 21.00 | | |
| AySay | ca 22.30 | | |
| Realô | ca 00.00 | | |

LAURDAG 8. AUGUST

| Arrangement | Kl | Pris* | Stad |
|--|--------------------|----------------------|------------------------------|
| Torgfestivalen - familiedag med aktivitetar og gratiskonsertar | 11.00-16.30 | Gratis! | Bø torg |
| Familieframvisning: «Troll på sparket» | 13.00 | Gratis! | Bø torg |
| Doktorgradbad: Eilev Groven Myhren i samtale med Anne Svånaug Blengsdalen | 13.00 | 235,- | Bø bok og papir |
| Bråten Berg, Solberg, Solberg, Flottorp | 15.00 | 335,- | Konsertlåven, Nordbøvegen 10 |
| Songliner: Buen Garnås, Groven Myhren, Nordstoga, Nordstoga | 17.00 | 365,- | Gullbring, Storsalen |
| LaurdagsFOLK på Sandvin - Dørene opnar kl 19:00! | 19.00-01.00 | 655,- / 435,- | Sandvin |
| Onstad/Wallumrød | 19.30 | | |
| Odd Nordstoga | 20.00 | | |
| Marie Tveiten | ca 22.00 | | |
| E-76 | ca 23.30 | | |

SUNDAG 9. AUGUST

| Arrangement | Kl | Pris* | Stad |
|--|-------------|---------------|----------------------------|
| Kursprogram | 11.00-14.00 | 335,- / 435,- | Evju bygdetun |
| Kulturtur med spel og dans | ca 11.30 | Gratis! | Slettelibergja |
| Eivind Groven - 125 år: Groven Myhren, Kåsa, Johansen | 13.00 | 285,- | Bø gamle kyrkje |
| Borgjakonserten: Alf Tveit & Håkon Høgemo | 15.00 | 285,- | Nye Sjodar - Evju bygdetun |
| Jonas Alaska med Johanne Flottorp | 18.00 | 335,- | Bakgården |
| Festivalpass: 2035,- | | | |

* Alle billetter til alle arrangement selgast via Gullbring kulturhus. * Alle prisar er ink. bill. avg.

* Born til og med 14 år har gratis adgang. Frå og med 15 år gjeld ordinære prisar. Personer under 18 år må gå i følge med foreldre/foresatte

* Alle tidspunkt markerer konsertstart. Publikum bør kome i god tid før konserten startar.

Takk til sponsorar, samarbeidspartnarar og frivillige!